

Kortfatta prosjektomtale, turløype Manger trasè Prestegardshagen-Grønålen-Nesvatnet.

Manger IL er kjent med at Radøy kommune ønskjer å etablere ei turløype sentralt på Manger. Idrettslaget føreslår at Radøy kommune vel å gå inn i prosjektet turløype Prestegardshagen-Grønålen-Nesvatnet. Grovskisse av vårt framlegg er illustrert på vedlagte kart.

Kort om trasèen:

2 km grusveg med 3 meters breidd. Den føreslattede løypa vil etter idrettslaget sitt syn vera ei framifrå plassering av ei slik løype:

- Plassert sentralt i Manger sentrum. Allereie opparbeidd offentleg parkering ved Radøyhallen, ungdomsskulen og Prestegardshagen med direkte tilgang til løypa.
- Løypa møter svært godt føresetnadane i staten sine overordna mål for anleggspolitikk ved at ein legg til rette eit lågterskeltilbod for alle, plassert slik at det og har ekstra fokus på barn og unge.
- Direkte tilgang for ungdomsskulen og barnehagen, kort veg til løypa for barneskulen og folkehøgskulen.
- Gangavstand til turløypa frå fleire av dei største buområda på Manger.
- Plassering ved skulane, Grønålen og Radøyhallen vil gje det lett for foreldre som kjører barn til fritidsaktivitetar å nytta løypa medan dei ventar.
- «Spektakulær» trasè som byr på utruleg flott natur. Løypa går gjennom Bøkeskogen og langs Prestelva og Nesvatnet. Friområdet ved Nesvatnet og Prestegardshagen vil verta revitalisert.
- Moglegheit for å etablere flotte utsiktspunkt/kvilepunkt fleire stader utan høg ekstrakostnad. (vist på kart)
- Bind saman eit samanhengande parkområd frå prestegardshagen til Nesvatnet. Moglegheit for å utvida med bru til Prestholmen eller gangveg mot Klesvika.
- Moglegheit for å byggja det aller meste av løypa med universell utforming
- Lett tilgjenge for maskiner frå ei rekkje punkt langs løypa under bygging og seinare drift.
- Delvis opparbeidd løype i delar av trasèen allereie.
- Ei slik turløype vil saman med rehabiliteret idrettsbane og Radøyhallen, syta for at Manger vil ha ein langt på veg komplett idrettspark av høg standard.
- Mange kvir seg for å gå ut på kveldstid, plassering så nær aktiviteten i sentrum vil skapa trygghet for brukarane.
- Heile området eigd anten av idrettslaget eller det offentlege. Dermed god moglegheit for å få etablert ulike nærmiljøanlegg langs løypa på eit seinare tidspunkt.

Ved oppgåing av trasè, har arbeidsgruppa fleire gonger blitt slått av kor god utsikt det er frå fleire punkt. Idrettslaget ser difor for seg at ein bør gjennomføra ei viss uttynning av

kratt/skogområda langs løypa for å opna utsikt blant anna mot Nesvatnet. Dette er arbeid som kan gjerast på dugnad av laget.

Særskilte punkt drøfta på synfaring mellom idrettslaget og Radøy kommune:

- Oppstigning frå Grønålen til Prestegardshagen via Bøkeskogen. Vil krevja steinmuring og medføra ein del kostnad. Idrettslaget har hatt entreprenør på staden som vurderer arbeidet som fullt overkommeleg.
- Oppstigning frå Nesvatnet til området bak Radøyhallen. Vil krevja noko sprenging og planering, men teknisk sett ikkje vanskeleg å gjennomføra.
- Ny bru ved demning ved kvernhusa. Idrettslaget har endra trasèen og tatt ut denne delen, ut frå drøftingane på synfaringa. Løypa vil uansett passera så nær dette punktet at det vil bli godt synleg for brukarane.

Ut over desse punkta er løypa teikna i eit terreng som bør vera lett å opparbeida.

Eigarskap til prosjektet:

Manger IL ønskjer å bruka turløypa aktivt i vårt arbeid med å samla støtte i bygda til full rehabilitering av Grønålen og vidareutvikling av idrettsparken. **Det er difor ein føresetnad for idrettslaget, at kommunen og idrettslaget formelt framstår som likeverdige partnarar i utbygginga, og at dette vert framheva i all marknadsføring og kontakt med det offentlege og media.**

Forslag til arbeidsdeling:

| | |
|--|----------------------------|
| Rydding av skog og kratt mm i heile trasèen: | Manger IL – dugnad |
| Prosjektering/grunnavtalar/anbodsgrunnlag | Radøy kommune |
| Søknad om spelemidlar og andre tilskot | Manger IL og Radøy kommune |
| Legging av straumkabel | Manger IL – dugnad |

Lys:

Idrettslaget ønskjer at heile løypa får eige lysanlegg med val av lykter som gir løypa sin eigen identitet. Vi ser det ikkje som realistisk å få til dette innanfor den ramma vi arbeider ut frå no. Forslaget er difor å leggja kabel medan ein byggjer sjølve løypa, og så etablera lysanlegg som eit byggjetrinn 2 i prosjektet. Det er mogleg å søkja inntil 700 000 i spelemidlar til lysanlegg.

Fiansiering:

| | |
|-------------------------------------|--------------------------------|
| Radøy kommune | 1 million |
| Spelemidlar | 1/3 av kostnad, maks 1 million |
| Verdi dugnad Manger IL (1000 timer) | 250 000 |
| Sponsorar/gåver | 250 000 |
| Totalt | 2 500 000 |

*Moglegheit til å bruka graset frå Grønålen som underlagsduk i delar av løypa. Dette kan både redusera kostnaden med løypa noko, samt redusera idrettslaget sin kostnad med å rehabilitera sjølve bana.

Dersom rekneskapstekniske krav gjer at kommunen og idrettslaget ikkje kan stå som felles utbyggjar, er laget villeg til å ta denne rolla. Kravet frå idrettslaget er då at kommunen likevel tar jobben med prosjektering, grunnvatnalar og anbodsgrunnlag utan kostnad for idrettslaget, og at kommunen stiller lånegaranti fram til idrettslaget har mottatt spelemidlar.

Drift:

Ei slik løype krev lite dagleg drift. Idrettslaget ser for seg at Radøy kommune står for snørydding/salting. Manger IL kan stå for årleg rydding av kratt mm.

Årleg etterfylling av grus. Her kan laget og kommunen. Vil koma langt med nokre få tusen i året.

Rydding av boss bør vera mogleg å få til avtale med Aufera og/eller Radøy ungdomsskule. Idrettslaget kan eventuelt gjennomføra ryddedugnadar.

Seinare drift av lysanlegg/straumrekning må drøfast når slikt anlegg kjem på plass. Idrettslaget meiner i utgangspunktet at ei slik løype er eit førebyggjande folkehelse-tilbod retta mot ei svært brei gruppe brukarar, og at Radøy kommune difor bør ta på seg straumutgiftene.

Manger 31/1 2015

Truls Reigstad Johnny Hermansen Atle Vaage